

Skjult av fleire meter tjukke torv- og sandlag

Unike steinalderbuplassar frå Sømmevågen i Sola kommune

Av Trond Meling

Seinhausten 2014 vart det omfattande utgravingsarbeidet i Sømmevågen i Sola kommune avslutta. Arkeologisk museum starta arbeidet våren 2013, og prosjektet har gjeve fantastiske resultat med eit unikt arkeologisk materiale. I 2013 vart det granska fleire buplassar frå både steinalder, bronsealder og jernalder. På platået like sørvest for Flymuseet vart det m.a. funne ei sølvsmie frå tidleg vikingtid – den første i sitt slag på Vestlandet (sjå Frå haug ok heiðni, nr. 4, 2014).

Arbeidet med å analysere og systematisere det omfattande materialet frå prosjektet er ikkje ferdigstilt enno, men i dette nummeret av Frå haug ok heiðni vil vi presentere nokre av resultatane etter utgravingane i 2014. Det dreier seg om tre tettliggjande buplassar frå overgangen mellom eldre og yngre steinalder (ca. 4000 f.Kr.), med eit omfattande materiale og særskilde bevaringsforhold.

Under fleire meter med torv og sand

Utgravinga i 2014 fann stad like vest



for Flyplassvegen, og utgravingsfeltet dekkja eit samanhengande areal på rundt 7,5 mål (Fig. 1). I området rundt flyplassen er det kjend fleire buplassar frå steinalder, og mange av dei kan daterast til tida rundt 4000 f.Kr. (Fig. 2). Ein av desse vart graven ut av Arkeologisk museum i 1985 (sjå Frå haug ok heiðni, nr. 3, 1985). Denne låg under den gamle traseen til Flyplassvegen og høyrer til det same buplasskomplekset som dei

tre buplassane som vart undersøkte i 2014 (Fig. 3).

I overgangen mellom eldre og yngre steinalder stod havet ca. 7 meter høgare enn i dag. Tanangerhalvøya utgjorde då fleire store og små øyer med ei rekke smale sund og lune vikar (Fig. 2). Buplassane i Sømmevågen har lege heilt sør på den sørlegaste av desse øyene. Mot sør og aust har dei vendt ut mot ei lun bukt, der flyplassen ligg i dag (Fig. 2). Høgde-

Fig. 1. Sømmevågen ligg ved Hafrsfjord, like nordvest for Stavanger lufthavn, Sola. Buplassane er markert med svart prikk, og for 6000 år sidan låg dei nær strandkanten og lunt til på sørsida av ei øy. Illustrasjon: Sigrid A. Dugstad/Trond Meling.

Trond Meling er arkeolog og tilsett ved Arkeologisk museum



Fig. 2. Kartet syner korleis Nord-Jæren såg ut for om lag 6000 år sidan, då havnivået stod ca. 7 m høgare enn i dag. Den svarte stjerna angir buplassane i Sømmevågen, mens dei røde firkanterne viser andre undersøkte buplassar frå same tid. Dei oransje prikkane angir registrerte steinalderbuplassar i området rundt Hafrsfjord. Illustrasjon: Theo Gil/Trond Meling.




Fig. 3. Skisse som viser korleis buplassane i Sømmevågen ligg i høve til kvarandre. Illustrasjon: Trond Meling.

draget der Sola ruinkyrkje står har gitt god ly for vindar frå vest, og området må ha vore ein svært gunstig og attraktiv stad å busetje seg.

Ut frå registreringa og utgravinga i 1985 visste vi at undersøkinga i Sømmevågen ikkje kom til å bli ei tradisjonell fflateavdekking der busetnadsspora kjem til syne like under matjorda. Før utgravinga starta, var området ei plan grasflate mellom to låge bergknausar, men opphavleg har landskapet vore heilt annleis. Heile området var dekkja av eit nær 1 meter tjukt torvlag, og over torva låg det eit ca. 2 meter tjukt lag med finkorna flygesand. Alle desse massane skjulte eit skjergardslandskap der buplassane har lege i strandkanten mellom låge svaberg og store steinar. Totalt måtte vi fjerne rundt 15 000 m³ masse for å kome ned på dette landskapet, noko som er svært uvanleg ved ei arkeologisk utgraving.

Dei tjukke torv- og sandlaga var både ressurs- og tidkrevjande å fjerne (Fig. 4). Vi fekk også problem ved at grunnvatnet steig. For å få bukt med dette måtte vi grave fleire dreneringsgrøfter og plassere oppsamlingskummar med pumper på dei lågaste punkta innafor utgravingsfeltet. På denne måten unngjekk vi at buplassane vart fløymde over av vatn. For å skape gunstige og stabile forhold for utgravinga nytta vi telt over dei ulike utgravingssobjekta. I løpet av sesongen hadde vi fem telt av ulike storleik. Det største stod på lokalitet 9 og hadde eit areal på heile 250 m² (Fig. 5).

Unike bevaringsforhold

Sjølv om dei store mengdene med flygesand skapte utfordringar for feltarbeidet, er det nettopp flygesanden som har vore føresetnaden for dei utruleg gode bevaringstilhøva vi hadde i Sømmevågen. Torva og sanden har forsegle buplassane og gjort at organisk materiale, særleg bein, har halde seg svært godt gjennom fleire tusen år. I tillegg har det vore minimalt med aktivitet i området etter at buplassane vart forlatne. På to av buplassane fann vi spor etter dyrking i bronsealder/tidleg jernalder (frå 1800 f.Kr.–Kr.f.). I tillegg fann vi eit par kokegroper frå same periode, men det har ikkje stått bygningar e.l. konstruksjonar på staden i førhistorisk tid. Dei få moderne inngrepa i området har heller ikkje gjort nemneverdig skade, sidan dei i liten grad har trengd gjennom dei tjukke sandlaga. Det er svært sjeldan at ein har slike gunstige forhold på steinalderbuplassar i Noreg. Det er stort sett berre i holer og hellarar, slik som i Vistehola, at ein kan finne liknande bevaringstilhøve.

Til saman er det samla inn ca. 180 000 steinartefakter og rundt 50 000 brende og ubrende beinfragmenter frå dei tre buplassane. Det er også funne reiskap i bein, m.a. fiskekrokar og harpunar, og enkelte tildanna trestykke. På to av buplassane fanst det tydelege spor etter bustader, fleire avgrensa avfallsområde og ulike groper, eldstader og kokegroper. Desse gir eit godt innblikk i korleis ein har innretta seg på buplassane. Eit av dei mest sensasjonelle funna er

ei steinsett grav der delar av skjelettet var bevart. Den døde hadde fått med seg tre steinøkser og ein meisel.

Dei gode bevaringsforholda og det varierte materialet frå Sømmevågen gir ei unik moglegheit til å kome nærare menneska i steinalderen. Gjennom materialet kan vi også gjere langt meir detaljerte analysar omkring buplassane frå denne perioden. Mellom anna kan vi studere kva oppgåver ein har utført på buplassane, korleis ein har handtert avfall og korleis ein har organisert ulike aktivitetar og gjeremål. Sist, men ikkje minst, har vi også fått eit klårare innblikk i nokre av dei rituelle aktivitetane i denne perioden, og korleis desse har vore ein del av livet på buplassane.



Fig. 4. Totalt vart det fjerna rundt 15 000 m³ ved utgravinga i Sømmevågen. Avdekkingsarbeidet tok nær tre månader, og det meste av tida var det to gravemaskinar og fleire lastebilar i sving for å få bort massane. Foto: Arkeologisk museum.



Fig. 5. Gjennom den lange feltsesongen i 2014 hadde vi til saman fem telthallar over dei ulike utgravingsobjekta. Her ser ein det største teltet som var på 250 m². Dette stod i fleire månader over dei sentrale delane av lokalitet 9. Foto: Arkeologisk museum.